



HORDALAND

FYLKESKOMMUNE
MOTTATT

Organisasjonsavdelinga

- 2 DES 2013

Statens vegvesen
Region vest

2013039553 - 013
771-1256

Statens vegvesen
Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201308585-3/812/SAAR

Dykkar ref.:

Bergen, 27. november 2013

Melding om vedtak

Klage på vedtak om avslag på utvida bruk av avkjørsle til Fv 564 på Fløksand i Meland kommune

Viser til oversending av klage på vedtak om avslag på utvida bruk av avkjørsle til Fv 564 på Fløksand i Meland kommune.

Klagenemnda handsama saka i møte 26.11.2013 sak 33/13.

Frå møteboka går det fram følgjande:

33/13 KLAGE PÅ VEDTAK OM AVSLAG PÅ UTVIDA BRUK AV AVKJØRSLE - FV 564 - FLØKSAND - MELAND KOMMUNE

Brev frå Meland kommune til fylkesmannen i hordaland, datert 31.10.2013 og brev frå Statens Vegvesen til Fylkesmannen i Hordaland, datert 04.10.2013 vart lagt fram i møtet.

Cathrine E. Schelderup (H) sette fram slikt forslag til vedtak:

"Klagenemnda tek anken frå Rune Nilsen på avslag om utvida bruk av avkjørsle til Fv 564 frå ny bustad på gnr. 5 bnr. 93 på Fløksand i Meland kommune til følgje."


Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 2 røyster (V, SV) mot 1 røyst (H) for Schelderup sitt forslag.

VEDTAK

Klagenemnda tek ikkje anken frå Rune Nilsen på avslag om utvida bruk av avkjørsle til Fv 564 frå ny bustad på gnr. 5 bnr. 93 på Fløksand i Meland kommune til følgje.

Vi ber om at de underrettar parten /klagaren om klagenemnda sitt vedtak i saka.

Saksframlegget følgjer vedlagt. Saksframlegg til klagenemnda skal verta gjort kjent for parten/klagar. Saksframlegget er grunngevinga for vedtaket, jfr. fvl. § 24


Sigrid Heløne Aardal
seniorrådgjevar



Arkivsak 201308585-2
Arkivnr. 812
Saksh. Grude, Nils Egil

Saksgang

Klagenemnda

Møtedato

26.11.2013

**KLAGE PÅ VEDTAK OM AVSLAG PÅ UTVIDA BRUK AV AVKJØRSLE
TIL FV 564 PÅ FLØKSAND I MELAND KOMMUNE**


SAMANDRAG

Tiltakshavar Rune Nilsen ankar avslag frå Statens vegvesen om løyve til utvida bruk av utkjørsle til Fv 564 Rosslandsvegen for ei bustadeining på Fløksand i Meland kommune på gnr. 5 bnr. 93. Grunngevinga frå Statens vegvesen er at etablering av bustad som ligg i eit LNF-område, er i motstrid til dei rikspolitiske retningslinjene for samordna areal- og transportplanlegging. Og vidare at dersom det aktuelle området søkjer vil plassere bustaden i skal endrast til å bli eit bustadområde, bør det skje med bakgrunn i ein plan som også omfattar utbetring av fylkesvegen.


Fylkesrådmannen er i denne saka på linje med Statens vegvesen at om det vert opna for bustadbygging i LNF-området på oppsida av Fv 564 på Fløksand og utvida bruk av avkjørsler / nye avkjørsler til ein veg som ikkje har tilbod til mjuke trafikantar så vil dette skape presedens, ikkje berre for dette området, men og for andre stader / områder i Hordaland.

FORSLAG TIL VEDTAK

Klagenemnda tek ikkje anken frå Rune Nilsen på avslag om utvida bruk av avkjørsle til Fv 564 frå ny bustad på gnr. 5 bnr. 93 på Fløksand i Meland kommune til følgje



Rune Haugsdal
Fylkesrådmann



Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

Vedlegg: Brev frå Statens vegvesen av 24.10.13 med vedlegg

FYLKESRÅDMANNEN, 08.11.2013:

Statens vegvesen sender i brev av 24.10.13 over til Hordaland fylkeskommune klage på vedtak om avslag om utvida bruk av avkjørsle på Fløksand i Meland kommune (sjå vedlegg).

Bakgrunn for saka

Soknad om utvida bruk av avkjørsle i samband med bustadbygging på gnr 5 bnr 93

Tiltakshavar Rune Nilsen sokjer 23.03.13 om løyve til utvida bruk av utkjørsle til Fv 564 Rosslandsvegen for ei bustadeining på Fløksand i Meland kommune på gnr. 5 bnr. 93 (vedlegg 1).

Statens vegvesen tok soknaden opp med Meland kommune i brev av 23.05.13 (vedlegg 2) der dei viser til at for dei kan handsame soknaden om avkjørsle ber dei om at kommunen avklarar arealbruken i høve til plan- og bygningslova, sidan eigedomen ligg i eit LNF-område. Statens vegvesen viser vidare til at i kommuneplanen er det på vestsida av Fv 564 på Fløksand at det er avsett til areal for bustader. Statens vegvesen ber difor kommunen om ikkje i gje dispensasjon for bygging i LNF-området.

Vidare saksgang for soknad om utvida bruk av avkjørsle for bustad på gnr. 5 bnr. 93

I brev av 19.06.13 til Statens vegvesen skriv kommunen at dispensasjon for bygging av bustad vart innvilga i møte i utvalet for drift og utvikling (vedlegg 3).

I brev av 05.07.13 til tiltakshavar avslår Statens vegvesen soknaden om utvida bruk av avkjørsla (vedlegg 4). I sluttgrunngevinga for avslaget heiter det:

«Etablering av bustad i dette området vil etter vår vurdering være i strid med de rikspolitiske retningslinjene for samordnet areal- og transportplanlegging. Fylkesvegen på stedet mangler eget tilbud for gående og syklende. Dersom det aktuelle området skal endres til å bli et boligområde, bør det skje med bakgrunn i en plan som også omfatter utbedring av fylkesvegen.»

Tiltakshavar klagar på avslaget i brev av 28.07.13. Her viser han til at dei lokale styresmaktene einstemmig har godkjent soknaden å få bygge bustaden i LNF-området, og at Fylkesmannen ikkje hadde merknader til den kommunale dispensasjonsgodkjenninga. Vidare at det berre gjeld ein einskild hustomt. Han viser og til at utkjørsla enkelt kan oppgraderast etter gjeldande regelverk, noko som og Statens vegvesen har kommentert i brevet 05.07.13.

Soknad om utvida bruk av avkjørsle i samband med soknad om bruksendring frå fritidsbustad til bustad på gnr. 5 bnr. 34

Som det går fram av oversendingsbrevet frå Statens vegvesen og (vedlegg 1 – bakerst) ligg det fore soknad, datert 12.03.13 frå Baard Johansen om utvida bruk av avkjørsle til Fv 564 i samband med bruksendring frå fritidsbustad til bustad. Avkjørsla det her gjeld ligg ca. 600 meter vidare nordvestover i høve til avkjørsla til gnr. 5 bnr. 93 (sjå kart). Statens vegvesen ber også her om uttale frå Meland kommune i brev av 23.05.13 om arealbruken sidan det også her er eit område som ikkje er regulert og ligg i eit LNF-område. Også her rår Statens vegvesen til at det ikkje vert gitt dispensasjon.

Statens vegvesen ventar no på svar på Meland kommune på soknaden om å få omgjort fritidseigedomen til bustad. På vår henvending til Statens vegvesen får vi oppgitt at grunnen til at Statens vegvesen har tatt med denne soknaden er at dei reknar med å fleire soknader om utvida bruk av avkjørsler / nye avkjørsler i dette området der det er mange fritidseigedomar. Og vidare at om sokjer til utvida bruk av avkjørsle til Fv 564 frå gnr. 5 bnr. 93 får medhald så vil det skape presedens og vil opne for bustadbygging / omgjerjing av fritidsbustader i LNF-områder, og ikkje der kommunen i kommuneplanen har avsett til bustader.

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen er i denne saka på linje med Statens vegvesen at om det vert opna for bustadbygging i LNF-området på oppsida av Fv 564 på Fløksand og utvida bruk av avkjørsler / nye avkjørsler til ein veg som ikkje har tilbod til mjuke trafikantar så vil dette skape presedens, ikkje berre for dette området, men og for andre stader / områder i Hordaland.

Går ein til den nyleg vedtekne «Rammeplan for avkjørsler på riks- og fylkesvegar for Hordaland» er Fv 564 plassert i «streng haldningsklasse». Det tyder at det i heilt spesielle høve kan gjevast løyve til utvida bruk av avkjørsler, sjølv om det ikkje er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busslomme og fartsgrense 70 km/t. Men føresetnaden er då at dette berre gjeld for avkjørsler som frå før er ekstremt dårlege, og der utbetring av eksisterande avkjørsle totalt sett gir ein gevinst for trafikktryggleiken. Avkjørsla som det her gjeld er ikkje rekna som ekstrem dårleg, og ei utbetring her vil ikkje kunne tilføre vegen gevinst ut frå omsynet til trafikktryggleik. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at klagar ikkje får medhald på anken om avslag på utvida bruk av avkjørsla.

